

Handlingsplan 2019



Visjon:

Vestland - eit føregangsfylke for nyskapande og berekraftig landbruk

Hovudmål:

Vidareutvikle ei innovativ og allsidig landbruksnæring i Vestland

Utarbeidd i samarbeid mellom Fylkesmannen i Vestland, Sogn og Fjordane bondelag, Hordaland bondelag, Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag, Hordaland bonde- og småbrukarlag, Vestskog, Innovasjon Norge i Vestland, KS Sogn og Fjordane, KS Hordaland, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune.

Innhald

Oversikt over tilskotsmidlar 2019	4
1. Regionalt miljøprogram (RMP).....	5
Hovudmål	5
Delmål.....	5
Strategiar	5
Sentral føringar for 2019	5
1.1 Tilskot gjennom Regionalt miljøprogram	6
1.2 Omtale av dei ulike tilskotsordningane i RMP	7
1.3 Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	10
1.4 Tilskot til drenering av jordbruksjord	10
1.5 Organisert beitebruk	11
1.6 Verdsarv Vestnorsk fjordlandskap og utvalde kulturlandskap.....	12
1.7 Klima- og miljøprogrammet	13
1.8 Tilskot til utsiktsrydding.....	13
2. Regionalt skog- og klimaprogram (RSK)	14
Hovudmål	14
Delmål.....	14
2.1 Tilskot til skog- og klimatiltak (overordna retningslinjer for bruk av LUF-midlar)	14
2.1.1 Tilskot til bygging av skogsvegar	14
2.1.2 Formål og verkeområde	14
2.1.3 Krav til veganlegg, eigarar m.v.	15
2.1.4 Krav til planlegging	15
2.1.5 Tilskot	16
2.1.6 Vilkår for tilskot	17
2.1.7 Søknad og sakshandsaming.....	18
2.2 Tilskot til drift med taubane, hest o.a.	20
2.2.1 Føremål.....	20
2.2.2 Virkeområde.....	20
2.2.3 Vilkår m.m.	20
2.2.4 Tilskotssatsar mv.	21
2.2.5 Søknad og sakshandsaming.....	22
3. Regionalt næringsprogram (RNP).....	24
Hovudmål	24
Delmål.....	24
Sentrale føringar for 2019	24

3.1 Tilskot til næringsutvikling – strategiske føringar 2019	24
3.2 Utviklings- og tilretteleggingsmidlar (UTM)	25
3.2.1 Positivt omdømme og auka rekruttering til landbruket.....	25
3.2.2 Marknadstilpassa auke i volum og omsetningsverdi av frukt, bær og grønt	25
3.2.3 Auka grovfôrproduksjon tilpassa eit endra klima.....	25
3.2.4 Eit moderne driftsapparat og god kvotefylling i mjølkeproduksjonen	26
3.2.5 Marknadstilpassa utvikling av kjøtproduksjonen med moderne produksjonsapparat og driftsopplegg	26
3.2.6 Auka tilbod og lønsemd i Inn på tunet	26
3.2.7 Auka lønsemd og mangfald i lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv	26
3.3 Investerings- og bedriftsutviklingsmidlar (IBU).....	27
Generelt.....	27
Tradisjonelt landbruk	27
Bygdenæring / tilleggsnæring	28
Støttenivå til investeringar	28
4. Gjennomføring	28

Oversikt over tilskotsmidlar 2019

Ordning		Kroner
Midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak i landbruket (UTM)	Hordaland	2 900 000
	Sogn og Fj	3 840 000
Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU)	Hordaland	35 580 000
	Sogn og Fj	47 120 000
RMP - Regionalt miljøprogram	Hordaland	23 600 000
	Sogn og Fj	31 400 000
SMIL – Spesielle miljøtiltak i jordbruket	Hordaland	5 200 000
	Sogn og Fj	5 700 000
Tilskot til drenering av dyrka mark	Hordaland	3 000 000
	Sogn og Fj	2 000 000
Tilskot til investeringstiltak i beiteområde	Hordaland	1 000 000
	Sogn og Fj	1 300 000
Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (skogkultur, tynning mm)	Hordaland	2 200 000
	Sogn og Fj	1 600 000
Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (vegar, taubaner mm)	Hordaland	11 000 000
	Sogn og Fj	9 500 000
Skogbruksplanlegging med miljøregistrering	Hordaland	4 000 000
	Sogn og Fj	1 000 000
Klima og miljøprogram – utviklingstiltak for miljø i jordbruket	Hordaland	400 000
	Sogn og Fj	200 000
Tilskot til utsiktsrydding	Hordaland	300 000
	Sogn og Fj	3 000 000
Utvalde kulturlandskap og verdsarvsatsinga i Nærøyfjorden		
Rekruttering og kompetanseheving i landbruket	Hordaland	840 000
	Sogn og Fj	1 120 000
SUM		144 640 000

1. Regionalt miljøprogram (RMP)

Hovudmål

Miljøprogrammet i Vestland skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast.

Delmål

1. Eit ope og velstelt kulturlandskap
2. Bratt jordbruksareal i aktiv drift
3. God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir tatt vare på og skjøtta
5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til lufta
6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima (vert omtala i RNP)
7. Minst mogleg tap av næringsstoff frå landbruket til vassdrag

Strategiar

Ut frå delmåla for programperioden har vi sett følgjande strategiar:

1. Stimulere til eit ope og velstelt kulturlandskap gjennom drift av areala til matproduksjon og skjøtselstiltak
2. Styrke aktiv bruk av det bratte jordbruksarealet
3. Styrke aktiv stølsdrift og bruk av beiteressursane
4. Styrke målrettinga av verkemiddel for skjøtsel og ivaretaking av eit utval verdifulle element i kulturlandskapet
5. Oppretthalde og stimulere til næringsutvikling i kulturlandskapet
6. Bidra til eit kulturlandskap som er tilgjengeleg og trygt for både folk og beitedyr
7. Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket
8. Redusere forureining og avrenning frå jordbruket
9. Styrke kunnskap om klimagassutslepp, ureining, agronomi og kulturlandskap i næringa, og styrke og utvikle fagmiljøa i næringa innan desse tema.

Sentral føringar for 2019

Dette vart avtalepartane samde om i jordbruksoppgjeret mai 2018:

- Miljøprogrammet skal beskrive miljøutfordringane i fylket, og på bakgrunn av desse skal det gjerast prioriteringar av korleis dette skal følgast opp med tiltak.
- Miljøprogrammet skal gje føringar for prioriteringar i dei kommunale tiltaksstrategiane for bruk av SMIL-midlar.
- Det skal etablerast ordningar som bidreg til redusert utslepp til luft.
- Det vert føresett at tiltaket «miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel med bruk av nedlegging eller nedfelling vert innlemma i alle dei regionale miljøprogramma.
- Tiltak som bidrar til oppfølging av vassforvaltningsplanane vert prioritert gjennom dei regionale miljøprogramma, der utfordringa med vassmiljø tilseier det.

- Ramma for tilskot til bratt areal vert auka med 50 %
- Alle fylke skal ha ei tilskotsordning på minst kr 50 000 per seter i drift der det er produksjon av ku- eller geitemjøl for eigen foredling eller levert til meieri

1.1 Tilskot gjennom Regionalt miljøprogram

Handlingsplanen gjev berre ei kort gjennomgang av ordningane og tilskotssatsane. Meir inngåande informasjon vert gitt gjennom rettleiingshefte som er tilgjengeleg på Fylkesmannen si nettside for regionale miljøtilskot: www.fylkesmannen.no/vl/rmp.

	Ordning	Utmåling	Førebels sats	Maks tilskot
§ 4	Tilskot til drift av bratt areal <ul style="list-style-type: none"> • Slått og hausting til fôr 1:5 • Slått og hausting til fôr 1:3 • Hausting av hagebruksareal 1:5 • Hausting av hagebruksareal 1:3 	Kr/dekar Kr/dekar Kr/dekar Kr/dekar	Kr 289 Kr 434 Kr 867 Kr 1301	
§ 5	Drift av beitelag, dyr på utmarksbeite i minst 5 veker <ul style="list-style-type: none"> • Sleppte småfe • Sleppte storfe/hest 	Kr/dyr Kr/dyr	Kr 20 Kr 40	
§6	Slått av veglause areal Min og maks tilskot per søknad	Kr/dekar	Kr 1000	30 dekar
§7	Slått av slåttemark og lauveng <ul style="list-style-type: none"> • Må vere registrert i Naturbase Maks tilskot per søknad	Kr/dekar	Kr 1000	40 dekar
§8	Beiting av kystlynghei <ul style="list-style-type: none"> • Må vere registrert i Naturbase Maks tilskot per søknad	Kr/dekar	Kr 20	500 dekar
§9	Brenning av kystlynghei <ul style="list-style-type: none"> • Må vere registrert i Naturbase • Tilskot berre i året det vert brent Maks tilskot per søknad	Kr/dekar	Kr 300	500 dekar
§ 10	Beiting av naturbeitemark og hagemark <ul style="list-style-type: none"> • Må vere registrert i Naturbase Maks areal per søknad	Kr/dekar	Kr 100	70 dekar
§11	Skjøtsel av styvingstre <ul style="list-style-type: none"> • Tilskot det året trea vert styva Maks tilskot	Kr/tre	Kr 500	70 tre
§12	Tilrettelegging av hekkeområde for fugl <ul style="list-style-type: none"> • For vipe • For åkerrikse og storspove Fylkesmannen må dokumentere	Kr/dekar	Kr 1000 Kr 2000	
§ 13	Drift av støl mjølkeproduksjon <ul style="list-style-type: none"> • Gjeld støl der mjølka vert levert til meieriet eller med eigen foredling. • Krev drift i minst 6 veker 	Kr/støl	Kr 60 000	

§ 14	Skjøtsel av automatisk freda kulturminne som er synleg i jordbrukslandskapet <ul style="list-style-type: none"> • Må vere registrert i Askeladden • Beiting • Slått Maks tilskot	Kr/dekar	Kr 500 Kr 1000	Kr 5000
§ 15	Kantsone i eng for utvalde vassdrag <ul style="list-style-type: none"> • Gjeld kantsone på 4 meter Maks tilskot	Kr/meter	Kr 15	1000 meter
§16	Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen for utvalde vassdrag <ul style="list-style-type: none"> • Spreiing før 10. august på alt areal Min og maks areal	Kr/dekar	Kr 180	80-250dekar
§ 17	Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel <ul style="list-style-type: none"> • Krav om spreiiing før 10. august • Kan kombinerast med §18 Maks tilskot per føretak	Kr/dekar	Kr 50	100 dekar
§ 18	Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange <ul style="list-style-type: none"> • Krav om spreiiing før 10. august • Må kombinerast med § 17 Maks tilskot per føretak	Kr/dekar	Kr 250	100 dekar

1.2 Omtale av dei ulike tilskotsordningane i RMP

Tilskot til drift av bratt areal

- Slått og hausting til fôr på full- og overflatedyrka areal med hellingsgrad frå og med 1:5 til 1:3
- Slått og hausting til fôr på full- og overflatedyrka areal med hellingsgrad frå og med 1:3
- Produksjon for omsetning på frukt- og hagebruksareal med hellingsgrad frå og med 1:5 til 1:3 (Nytt tiltak for Sogn og Fjordane og utvida tiltak for Hordaland).
- Produksjon for omsetning på frukt- og hagebruksareal med hellingsgrad frå og med 1:3 (Nytt tiltak for Sogn og Fjordane og utvida tiltak for Hordaland).

Tilskot til drift av beitelag

- Tilskot for småfe på utmarksbeite i minst 5 veker
- Tilskot for storfe/hest på utmarksbeite i minst 5 veker

Tilskotet vert utmålt per dyr som er sleppt på utmarksbeite og ikkje per heimsanka dyr som tidlegare. Det er strengare krav til drifta av beitelaga enn tidlegare.

Tilskot til slått av veglause areal:

- Slått og hausting av fulldyrka og overflatedyrka areal til fôr på veglause areal (Nytt tiltak for Sogn og Fjordane).

Tilskot til slått av slåttemark og lauveng registrert i Naturbase

- Slått av slåttemark og lauveng utført i samsvar med skjøtselsråd
Areala skal vere registrerte i Naturbase som slåttemark eller lauveng.

Tilskot til beiting av kystlynghei registrert i Naturbase

- Vinterbeiting av kystlynghei der landskapet ber preg av beiting og beitinga fremjar kystlyngheia. (Nytt tiltak for Sogn og Fjordane).

Tilskot til brenning av kystlynghei som vert beita og som er registrert i Naturbase

- Brenning av lokalitetane som er godkjende under tiltaket Beiting av kystlynghei i Naturbase. Tilskotet vert gitt berre det året det blir brent.

Tilskot til beiting av naturbeitemark og hagemark registrert i Naturbase

- Beiting av naturbeitemark og hagemark i samsvar med skjøtselsråd. Areala skal vere registrerte i Naturbase som naturbeitemark eller hagemark.

Tilskot til skjøtsel av styvingstre som er styva i søknadsåret

- Styving av etablerte styvingstre i samsvar med skjøtselsråd. Tilskotet vert berre gitt til dei styvingstrea som har blitt styva i søknadsåret.

Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for vipe, åkerrikse og storspove

- Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for vipe
- Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for storspove og åkerrikse

Nytt tiltak for begge fylka. Reirlokalteten skal vera kartlagt og godkjent av Fylkesmannen så tidleg som mogleg i hekkesesongen og før tilrettelegginga vert utført. Fylkesmannen og faglaga i jordbruket oppmodar alle føretak til å ta særskilt omsyn til desse truga fuglane i hekkinga, uavhengig av om ein ynskjer å søka om tilskotet.

Tilskot til drift av seter/støl med mjølkeproduksjon i minst 6 veker

- Tilskot til drift av seter i minst 6 veker med levering til meieri
 - Tilskot til drift av seter i minst 6 veker med sal av produkt frå eigen foredling
- Kravet er no auka frå 4 til minst 6 veker mjølkeproduksjon på seter/støl.

Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne

- Beiting av lokalitet med automatisk freda kulturminne
 - Slått av lokalitet med automatisk freda kulturminne
- Sikringssona kring kulturminnet skal takast med i skjøtsel og i utmåling av daa.

Tilskot til kantsone i eng utan gjødsling og sprøytemiddel ved utvalde vassdrag

- Kantsone i eng ved utvalde vassdrag. Det er krav om minimum 4 meter breidde på kantsona, der minst to meter ligg på fulldyrka eller overflatedyrka areal, og kantsona skal haustast ved slått eller beiting i søknadsåret. (Tiltaket er nytt for Sogn og Fjordane og er utvida med nye vassdrag i Hordaland).

<i>Kommune:</i>	<i>Vassdrag/del av vassdrag:</i>
Bergen	Haukåselva
Bergen, Os	Osvassdraget
Bømlo	Åreidelva
Fitjar	Fjordbekken
Flora	Nyttingeneselva
Gloppen	Svoragrova/Høgegrova (ved Myklebust)
Gulen	Elv ved Sande, Sandøyna
Jølster	Stardalselva frå Åmot til Øygarden, med sidebekkar

Jølster	Storegrova (ved Eikås)
Kvam	Røyrvikelva
Lindås	Eikangervassdraget, frå Fammestadtjørna og ned til fjorden
Luster	Dalselvi (indre Hafslø)
Naustdal	Redalsvassdraget
Os	Døsjaelva
Os	Osvassdraget
Osterøy	Lonevassdraget
Radøy	Hallandsvassdraget
Samnanger	Skjelåna
Selje	Dalsbøvassdraget
Sveio	Vigdarvassdraget i Sveio kommune
Vaksdal	Eksingevassdraget frå Gullbrå til Flatekval
Vik	Hopra
Vågsøy	Maurstadelva

Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen ved utvalde vassdrag med elvemusling

- Spreieing av all husdyrgjødsel på føretaket innan 10.august.
Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter spreieing. Det er krav om minimum 80 dekar for å kunne søke om tilskotet, men for føretak som kjem inn under tiltaket kan det løyvast tilskot frå og med første dekar. Det kan maksimalt gjevast tilskot for 250 dekar per føretak. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje ved same søknadsomgang motta tilskot for nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel, og heller ikkje tilskot til spreieing av husdyrgjødsel med tilførselsslange. (Tiltaket er nytt for Sogn og Fjordane).

<i>Kommune:</i>	<i>Vassdrag/del av vassdrag:</i>
Bergen	Haukåselva
Bergen, Os	Osvassdraget
Bømlo	Åreidelva
Fitjar	Fjordbekken
Flora	Nyttingeneselva
Kvam	Røyrvikelva
Naustdal	Redalsvassdraget
Os	Døsjaelva
Os	Osvassdraget
Osterøy	Lonevassdraget
Samnanger	Skjelåna
Selje	Dalsbøvassdraget
Vågsøy	Maurstadelva

Tilskot til nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel

- Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel innan 10.august
Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter spreieing, og all husdyrgjødsel på eit areal i ein vekstsesong må vere tilført med nedfelling eller nedlegging for at arealet skal ha rett på tilskot. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot til spreieing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen. (Tiltaket er nytt for Sogn og Fjordane).

Tilskot til spreiring av husdyrgjødsel med tilførselsslange i samband med nedfelling eller nedlegging

- Spreiring av husdyrgjødsel med tilførselsslange/slepeslange
Tilskotet kan berre gjevast som eit tillegg til tilskot til nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot til spreiring av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen. (Tiltaket er nytt for Sogn og Fjordane).

1.3 Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

SMIL-midlane skal bidra til å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureininga frå jordbruket utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Fylkesmannen fordelar ei årleg økonomisk ramme for SMIL-ordninga til kommunane ut frå behov og omfanget av søkjargode føretak pr. kommune. Kommunane har ansvaret for sakshandsaminga, og lyser ut midlane. Søknadane vert prioriterte på bakgrunn av lokale målsettingar og kommunale tiltaksstrategiar.

Kven kan søkje

Tilskot kan løyvast til føretak (med organisasjonsnummer) der det går føre seg ein tilskotsberettiga produksjon på landbrukseigedom og som oppfyller vilkåra i forskrift om produksjonstilskot og i forskrift om gjødselplanlegging. Dersom areala vert leigd bort må søkjar kunne dokumentere at desse vilkåra er oppfylte.

Aktuelle tiltak og prioriteringar

- Det kan løyvast tilskot til planleggings- og tilretteleggingprosjekt, kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak. Fylkesmannen vil framheve moglegheiter for tilskot innan forureiningstiltak, til dømes til utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg og til fangdammar / andre økologiske rensingstiltak.

Som en oppfølging av Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter, vart det i jordbruksoppgjeret 2017 opna for å løyve tilskot for å kjempe mot og hindre spreiring av framande skadelege artar.

Etter jordbruksoppgjeret 2018 er òg etablering av dekke som hindrar nedbør i eksisterande gjødsellager innlemma som tilskotsberettiga tiltak.

Fylkesmannen ønskjer at kommunane stimulerer til SMIL-tiltak som kan byggje opp under målsettingar og tilskotsordningar innanfor *Regionalt miljøprogram* (RMP) for Vestland. Kommunar med ansvar for *verdsarvområde* og *utvalde kulturlandskap i jordbruket* bør prioritere og stimulere til SMIL-tiltak i tråd med forvaltnings- og skjøtsplanar for desse områda.

1.4 Tilskot til drenering av jordbruksjord

Tilskotet skal bidra til å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord, og å redusere faren for erosjon og avrenning av næringsstoff til vassdrag. Dette gjeld primært fulldyrka jord, men kan også omfatte jord som er overflatedyrka. Det kan i tillegg løyvast tilskot til planerte areal som ikkje tidlegare er grøfta. Kommunane har ansvaret for sakshandsaminga, og lyser ut midlane.

Kven kan søkje

Tilskotet skal løyvast til den som vil ha kostnaden med tiltaket. Dette kan vere eigar av jordbruksareal eller jordbruksføretak som leiger jordbruksareal. Det kan ikkje løyvast tilskot til drenering både til eigar og leigetakar for det same arealet. Det er *ikkje* krav om at søkjaren er eit føretak med organisasjonsnummer (motsetning til krav for SMIL-tilskot).

Tilskotssatsar

Satsen for drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving, er 2 000 kroner per dekar. Ved anna grøfting er satsen 30 kroner per løpemeter grøft, avgrensa oppad til 2 000 kroner per dekar.

Fylkesmannen fordeler ei årleg ramme til kommunane ut frå behov og omfanget av jordbruksareal. Ved behov har Fylkesmannen høve til å tildele auka rammer til kommunane gjennom året.

Avgrensing mot SMIL-ordninga

Både tilskot til drenering av jordbruksjord og forureiningsdelen av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) omfattar hydrotekniske tiltak. Ordningane har vel å merke ulike hovudformål. Ved løyving av tilskot til drenering, skal alle forhold som høyrer med til drenering inngå i plan for drenering, slik som gravearbeid, avskjeringsgrøfter, opne og lukka grøfter, kummar, utløp o.l. Tilskot til hydrotekniske tiltak under SMIL-ordninga skal først og fremst gjelde utbetring av skader, ofte enkeltpunkt, utover vanleg vedlikehald for å redusere erosjon og avrenning av jord og næringsstoff. Dette kan vere reparasjon av øydelagde kummar og røyrutløp, sikringstiltak, reparasjon av enkelte avskjeringsgrøfter, behov for auka kapasitet grunna endra nedbørsforhold og liknande tiltak.

Ved innvilging av tilskot til drenering må kommunen sikre at det berre er kostnadar knytt til dreneringa som ligg inne i kostnadsoverslaget. For tiltak utover det som normalt inngår i dreneringsarbeidet, t.d. fangdammar eller tiltak for å reinske grøftevatn, skal SMIL-ordninga eventuelt nyttast.

1.5 Organisert beitebruk

Formålet med denne ordninga er å leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

Ein stor del av sauebøndene er organisert i beitelag. I Hordaland utgjer dette kring 70 % og i Sogn og Fjordane kring 90 % (ut frå tal sau og lam slept på beite).

Beitelaga kan søkje om årleg driftsstøtte med sats per slepte dyr gjennom Regionalt miljøprogram (RMP). Ordninga gjeld beiting i utmark med sau, geit og storfe. Gjeld ikkje mjølkekyr eller mjølkegeit.

Beite med dyr på innmark eller på innmarksbeite er ikkje ein del av denne ordninga.

Tilskot til tiltak i beiteområde

Beitelaga kan søkje om investeringsmidlar til fellestiltak i utmark. Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

Midlane skal forvaltast i tråd med *Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder (FOR-2013-02-04-206)*. Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremjar beiting i eit område, men i hovudsak skal tiltaka vere stasjonære. Døme på aktuelle tiltak:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerder for å sikre at dyr ikkje kjem over i farleg område
- Gjetarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakingsutstyr

Kven kan søke

Søknader kan kome frå lag eller foreiningar (t.d. beitelag og grunneigarlag) med organisasjonsnummer og som har medlemar som kan søke produksjonstilskot.

Prioriteringar for 2019

- Faste installasjonar og kostnadskrevjande investeringar
- Investeringar i teknologi knytt til beitebruk

Det vert ikkje gjeve støtte til (døme):

- Transportvogner
- Båtar
- Inngjerding av dyr eller vedlikehald av gjerde
- Klatreutstyr
- Gjeting

Søknader der tiltaket er førebyggjande mot tap til freda rovvilt vil bli handsama saman med Fylkesmannen si miljøvernavdeling og koordinert med deira midlar mot rovvilttap.

Fylkesmannen i Vestland har fått tildelt to pottar, ein for Hordaland og ein for Sogn og Fjordane. 2019 er siste året Fylkesmannen forvaltar midlane. Det vert difor ikkje gjort store endringar i forvaltninga av midlane, og tidlegare praksis frå dei to fylka vil i stor grad bli vidareført i 2019. Tilskotsatsen vil bli tilpassa søknadsmengda.

Det vert etablert ei felles beitegruppe for Vestland som skal arbeide med mellom anna tapsreducerande tiltak. I denne gruppa sit Sau og Geit, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, Mattilsynet, Statens Naturoppsyn og Fylkesmannen (landbruk + miljø).

Hordaland vil for 2019 halde fram med beiteutvalet i tillegg.

1.6 Verdsarv Vestnorsk fjordlandskap og utvalde kulturlandskap

«Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap» gjeld for tiltak innafør Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap slik desse er avgrensa i Naturbase. Føremålet med tilskot til tiltak i verdsarvområde er å styrke landbruket i verdsarvområda.

Midlane for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden er retta mot område i kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss.

Føremålet med tilskot til «Utvalde kulturlandskap» er å sikre verdiar knytte til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift i desse områda. Vestland har no seks utvalde kulturlandskap og vil få eitt nytt frå 2020. Dette er:

- UKL Grinde-Engjasete i Leikanger kommune (frå 2009)
- UKL Hoddevik-Liset i Selje kommune (frå 2009)
- UKL Ormelid i Luster kommune (frå 2017)
- UKL Lærdal i Lærdal kommune (frå 2018)
- UKL Gjuvslandslia i Kvinherad kommune (frå 2009)
- UKL Havrå i Osterøy kommune (frå 2017)
- UKL Ullensvang i Ullensvang herad (frå 2020)

Fram til 2020 har Fylkesmannen ansvaret for å forvalte tilskotsmidlane til områda, med fastsetting av søknadsfrist og handsaming av søknader. Fylkesmannen utarbeider og følgjer opp skjøtelsplanar og skjøtelsavtalar med bønder og grunneigarar i områda. Frå 2020 skal dei aktuelle kommunane ta over ansvaret for ordninga.

Dei aktuelle kommunane har ansvaret for å ta vare på områda gjennom arealforvaltninga og målretta forvaltning av tilskotsordningar i jordbruket i området. Fylkesmannen og kommunane skal også samarbeide om å følgje opp etablerte møteplassar/arrangement for innbyggjarar/bønder/grunneigarar i områda.

1.7 Klima- og miljøprogrammet

Klima- og miljøprogrammet er ei tilskotsordning retta mot prosjekt innan kunnskapsutvikling, utgreiing og informasjonstiltak innan klimagassutslepp, klimatilpassing, vassmiljø, kulturlandskap og naturmangfald. Fylkesmannen forvaltar midlane som går til fylkesvise tiltak og lyser ut midlane med søknadsfrist 1. april kvart år.

Kven kan søkje

- fag- eller næringsorganisasjonar
- kompetansebedrifter, utgreiings- og forskingsmiljø
- kommunar
- regionale og lokale lag og foreiningar

Fylkesmannen kan prioritere og definere eventuelle behov for satsingar i den årlege utlysinga av midlane.

1.8 Tilskot til utsiktsrydding

Gjennom jordbruksoppgjera i 2015-2018 vart det sett av midlar til utsiktsrydding i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Formålet med ordninga er å bidra til rydding av uønskt vegetasjon for å auke utsikt frå ferdselsårar mot landbruket sitt kulturlandskapet. Det er ikkje sett av nye midlar i 2019, men restmidlar frå tidlegare år står til disposisjon. Det er utarbeidd nasjonal forskrift og regionale retningslinjer for ordninga. Dei regionale retningslinjene kan reviderast kvart år.

2. Regionalt skog- og klimaprogram (RSK)

Hovudmål

Skog og klimaprogrammet skal leggje til rette for berekraftig skogbruk med auka lønnsemd for skogeigarane og verdiskaping for samfunnet. Tiltaka må vere tilpassa klimaendringar og bidra til å løyse klimautfordringa.

Delmål

1. Auka skogfagleg rådgjeving til skogeigarane og kommunane
2. Sikre god infrastruktur for skogbruket
3. Sikre ny og berekraftig skog
4. Meir bruk og omsetning av trevirke frå vår region

2.1 Tilskot til skog- og klimatiltak (overordna retningslinjer for bruk av LUF-midlar)

2.1.1 Tilskot til bygging av skogsvegar

Det er "§ 5 "Tilskudd til veibygging" i "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket" som heimlar denne tilskotsforvaltninga med følgjande ordlyd:

"Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsløsningar som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene.

Det kan bare gis tilskudd til veier som er godkjent etter den til enhver tid gjeldende forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål, eller etter plan og bygningslovens bestemmelser. Det er vidare et vilkår at veien blir bygd i samsvar med gjeldende normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse, fastsatt av Landbruks- og matdepartementet. Samarbeidstiltak bør prioriteres.

Før anleggsarbeidet settes i gang skal det foreligge en byggeplan som kommunen har godkjent. For alle anlegg som vert delfinansiert med statstilskot, er dette eit krav, jf. Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Det er et krav at veien blir vedlikeholdt til den standard som den opprinnelig ble bygd.

Tilsatte knyttet til offentlige landbruks- og miljøvernmyndigheter har, når de er på tjenestereiser i de områder veien betjener, rett til avgiftsfri bruk av veier som har fått tilskudd"

2.1.2 Formål og verkeområde

Formålet med tilskotsordninga er å auka skogbruket sin medverknad til verdiskaping og sysselsetting i distrikta gjennom berekraftig utnytting av virkesressursane. Dette skjer ved å leggja tilhøva til rette for transport av tømmer ut av skogen, og ved å letta tilkomsten og gi høve for rasjonell skjøtsel og drift.

Tilskotsordninga gjeld for alle private og offentlege skogar over 10 dekar, og for skogområde der det skal drivast eit uthaldande skogbruk. Dette inneber mellom anna tilrettelegging for forynging etter hogst.

2.1.3 Krav til veganlegg, eigarar m.v.

Vegen må ha ein standard som er tilfredsstillande for den aktuelle bruk og skal byggjast etter gjeldande normalar for skogsvegar fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Det skal takast omsyn til naturmiljø, friluftsliv og kulturminne ved bygging av vegen.

Vegstandarden må avpassast vegplan for det aktuelle området. Veglinja skal vera stukken i marka og godkjent av kommunen; jf. «*Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål*», fastsett av Landbruksdepartementet 28. mai 2015. Vegen skal byggjast etter den godkjende veglina, og anlegget skal føra fram til det punkt som er oppgjeve i søknaden.

Offentleg veg som skogsbilvegen er knytt til bør halda ein standard som svarer til standarden på skogsbilvegen. Dersom dette ikkje er tilfelle, bør veglag, vegplanleggjar og skogbruksstyresmakta arbeida for å få skriva opp den offentlege vegen. Dersom dette ikkje vert gjort kan det aktuelle veganlegget falla nedover på prioriteringslista ved tildeling av tilskot.

Dersom det er større fellesanlegg skal det vera skipa veglag (vegforeining) med eit ansvarleg styre med vedtekter godkjent av Fylkesmannen. Fordeling av kostnadene for anlegget og det framtidige vedlikehaldet skal vera ordna ved skriftleg avtale før tilskot vert utbetalt.

Alt vegarbeid skal skje i samsvar med gjeldande lover og forskrifter som gjeld innan dekningsområdet for vegen.

2.1.4 Krav til planlegging

Vegtrasé og linjeføring skal innpassast i vegplanen for området, og ein skal under planlegginga ta omsyn til friluftsliv og naturmiljø; jf. skogbrukslova § 1. Samstundes skal veganlegget sikra høve for rasjonell drift innan dekningsområdet for vegen.

Kommunen kan ved godkjenning av veier for landbruksføremål, setja vilkår om at det skal føreliggja ein byggeplan før anleggsarbeidet vert sett i gang. For alle anlegg som vert delfinansiert med statstilskot, er dette eit krav, jf. *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Ein byggjeplan skal omfatta:

Senterlinje: Vegen si senterlinje skal vera stukken i marka og dokumentert. Det skal vere sett ut referansepunkt som gjer det mogleg å rekonstruera senterlinja eller veglina skal vere dokumentert med GPS el.

Kart: Vegen si plassering skal vere vist nøyaktig på detaljert kart i målestokk 1:10 000 eller større. I tillegg skal eksisterande vegar og nytteområde gå fram av kartet.

Lengdeprofil: Ein byggjeplan skal normalt innehalde lengdeprofil, men for vegar utan kritiske stigningsforhold kan det gjerast unntak.

Tverrprofilar og masseutrekning: Større veganlegg som medfører vesentlege masseflyttingar bør massebereknast, og det må difor utarbeidast tverrprofilar. For mindre anlegg kan det gjerast unntak, eventuelt avgrensa til kritiske punkt på vegen.

Arbeidsbeskriving: Det skal utarbeidast ei arbeidsbeskriving. Innhaldet i denne må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og behova for å omtale ulike forhold på kvart enkelt anlegg. Den skal vere i samsvar med kommunalt vedtak.

Bruk av eventuelle tilkjørte masser skal gå fram her.

Kostnadsoverslag og mengdeoversikt: Som grunnlag for kostnadsoverslag og anbod bør det setjast opp ei mengdeoversikt. Denne må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og skjema "Anbod for utførelse av skogsveganlegg" og "Normalkontrakt for utførelse av skogsveganlegg" utgjeve av Landbruks- og matdepartementet.

Elles skal opplysningar og registreringar som er nødvendige for vurdering av tilskot m.m. komma klart fram; jf. søknadsskjema SLF-903 B.

Formålet med ein byggeplan er å beskrive veganlegget, kvantifisere arbeidsomfanget som grunnlag for kontraktar og å kvalitetssikre arbeidet.

Byggeplan gjeld framfor beskriving i vegnormalane i det vegnormalane er å sjå på som minimumskrav for den enkelte vegklasse. Kontraktstandard, NS 8406 Forenklet norsk bygge- og anleggskontrakt, bør ligge til grunn for kontraktsforholdet mellom byggherre og entreprenør.

Dersom det oppstår tvistar om fortolkingar i normalane, kan dette løysast ved å konferere Norsk Standard, NS 3420 Grunn- og terrengarbeider.

2.1.5 Tilskot

Fordelingsrutinar

Innanfor den løyvinga over statsbudsjettet som er avsett til skogsvegar, har Fylkesmannen ansvaret for tildeling til det enkelte veganlegg, - i samsvar med forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket og desse retningslinene.

Søknad om tilskot skal sendast før bygging vert igangsett.

Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til skogsvegar der anleggskostnadene er under kr 30.000,- og det vert som hovudregel heller ikkje gjeve tilskot til "Enkle vegar" og "vegklasse 8".

Prioritering

Alle vegar som det blir søkt om tilskot til, skal vurderast ut frå dei kriteria som går fram av Fylkesmannen sitt rekneark, «Retningslinjer for fordeling av statstilskudd til skogsveier». Følgjande vegar har prioritet:

- Vegar (nybygging eller ombygging) i samband med vindfallhogst
- Vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven skal ha prioritet framfor enkeltanlegg.
- Anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar
- Større fellesanlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal
- Bilvegar
- Ombygging til bilveg

- Traktorvegar i vegklasse 7 som tilkomstveg kan vurderast.

Tilskotsgrunnlag

Statstilskot skal normalt reknast ut på grunnlag av totale anleggskostnader. Tilskot og ytingar frå anna hald skal likevel gå til fråtrekk frå anleggskostnadene (eks. som jordbruksinteresser, kraftverk, hytter o.l.).

Utgifter til planlegging av veganlegget kan takast med i kostnadsgrunnlaget. Oppfølging av vegen i anleggsperioden kan etter avtale takast med i tilskotsgrunnlaget.

Meirverdiavgift, rekneskapsføring og rydding av vegline inngår ikkje i tilskotsgrunnlaget.

Tilskotssatsar

På grunnlag av skjema og andre opplysningar i søknaden fastset Fylkesmannen endeleg tilskot til det enkelte veganlegg.

- Tilskot til traktorvegar vil som regel liggja i intervallet 25 – 45 %.
- Tilskot til bilvegar ligger som regel i intervallet 30 – 60 % .
- Ekstra tilskot ved bruk av godkjente vegplanleggjarar som regel i intervallet: 2 – 10 %.

Til skogsvegar i vegklasse 2 til 7 kan det gjevast tilskot med inntil kr. 8.000 per dekar som er tilplanta med gran i dekningsområdet for veganlegget, eller det vert rekna at maksimal vegkostnad som gjev grunnlag for tilskot er inntil kr 180,- per m³ tømmer som vegen løyser ut.

Bruk av skogfond med skattefordel må nyttast.

Vegar der godkjende vegplanleggjare har eller skal utarbeid vegplan, anbodspapir og kontrakt kan få auka tilskotsprosent. Søknaden om auka tilskot må sendast før planarbeidet startar opp.

Særlege omsyn

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader grunna dette gå inn i tilskotsgrunnlaget. Der det er trong for å ta naudsynte miljøomsyn, kan ein kompensera for dette med ein noko høgare tilskotssats.

Tilskot til overordna vegplanlegging

Fylkesmannen kan etter samråd med kommunar / næringsorganisasjonar i skogbruket yta tilskot til overordna vegplanlegging / områdeplanlegging. Det same gjeld for prosjekt knytt til synleggjering og tiltak knytt opp mot flaskehalsar i det offentlege vegnettet.

2.1.6 Vilkår for tilskot

Vegvedlikehald

Tilskotet vert gjeve på vilkår om at vegen vert vedlikehalden i den standard den opphavleg vart bygd. Vedlikehaldsavtale skal vera underskriven før tilskot vert utbetalt. Det vert utført vedlikehaldskontroll på vegar som er mellom 10 og 15 år gamle. Fylkesmannen gjennomfører kontrollane i lag med kommunane.

Atterhald om bruk av vegen

”Ansatte knyttet til offentlige landbruks- og miljøvernmyndigheter har, når de er på tjenestereiser i de områder veien betjener, rett til avgiftsfri bruk av veier som har fått tilskudd”; jf. § 5 i ”Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket”.

Det vert teke atterhald om at vegen, i naudsituasjonar, skal kunna brukast avgiftsfritt av forsvaret, politi, lensmenn, legeteneste, veterinæreneste, hjelpekorps. Eventuell skade i samband med slik bruk skal skadegjerar betala for.

Særlege vilkår

Kommunen / Fylkesmannen kan setja vilkår om hogst og eller å planta eit visst areal i løpet av ein 8 års periode som motyting for tilskot.

Vilkåra skal fastsetjast med utgangspunkt i skogbruksplan, eller etter ei skjønnsmessig vurdering. Ved fastsetjing av vilkåra skal hogstkvantum og planteareal til vanleg vurderast med utgangspunkt i heile eigedommen. Areal som inngår som plantevilkår skal teiknast inn på kart og følgja søknaden om tilskot.

Det er eit vilkår at areal som vert hogd vert tilfredsstillande forynga jf. § 6 i Skogbrukslova og *Forskrift om berekraftig skogbruk*. Grunngevinga er at tilskot skal prioriterast til bygging av skogsveggar der ein driv eit utholdande skogbruk.

I område der det er utarbeidd skogbruksplan som er nyare enn 5 år, er det ein føresetnad at deltakarane i veglaget har eller har bestilt skogbruksplan eller ressursoversyn. Slikt krav er for å sikre kunnskapsgrunnlaget for vedtak om bygging av vegen. Ressursoversyn eller skogbruksplaner gjev informasjon om blant anna treslag, areal, volum, skogsalder og miljøverdiar.

Det skal utarbeidast ein oversikt over korleis ein har tenkt å nytte areala som vert løyst ut av vegen. Denne planen skal liggje til grunn for vilkår om hogst og planting på eigedomane som tek del i veganlegget.

Forslaget skal følgje med søknad om tilskot.

For å auke dekningsgraden og lønsemda av nye veganlegg vert det normalt sett vilkår om *nyplanting* av gran tilsvarande eitt dekar for kvar 5000 kr gjeve i tilskot. Ved søknad om tilskot til vegbygging i granskogmark skal søkjarane/kommunen kome med framlegg på søknadsskjemaet om arealvilkår for nyplanting av gran.

Skogeigar som har motteke tilskot, må i samband med eventuell seinare overdraging eller pantsetjing av eigedommen gjera den nye eigar eller eventuelt panthavar merksam på dei særlege vilkår som knyter seg til tilskotet. Den nye eigaren må gi skriftleg melding til Fylkesmannen om at han tek over vilkåra som er knytte til tilskotet. Dersom uventa tilhøve skulle komma på i vilkårsperioden, kan Fylkesmannen etter søknad frå skogeigaren gi utsetjing med oppfylling av vilkåra for tilskotet.

2.1.7 Søknad og sakshandsaming

Søknad

Søknad skal skrivast på skjema SLF 903 og vere registrert i ØKS.

Søknad om tilskot skal saman med kartgrunnlag, skjema m.m. sendast til kommunen som gir uttale. Kommunen skal kontrollera at skjemaet er fullstendig fylt ut før den sender søknaden vidare til

Fylkesmannen, som avgjer om anlegget skal ytast tilskot og vilkåra for tilskot. Kommunen skal føre søknadene inn i ØKS.

Vedtak med løyve til bygging av landbruksveg skal ligge ved søknad om tilskot. Dersom det er sett vilkår i løyvet kring bygging må kommunen sjekke at vegplan er i tråd med desse.

Kommunen skal og opplysa kva standard det er på eventuell offentleg veg som omsøkt skogsbilveg knyter seg til.

Kostnadane for vegen skal vere kjent før ein søker om tilskot. Anbod eller fast pris er vanleg. Løyve til avkjøring frå offentleg veg skal vere gjeve før det vert søkt om tilskot.

Rekneskap

Det skal førast rekneskap for veganlegget. Rekneskapssamandrag skal fyllast ut på godkjent skjema, SLF-904. Utgiftspostane i rekneskapen må dokumenterast med vedlegg. Interessentane sin arbeidsinnsats skal dokumenterast med timelister. Skogansvarleg i kommunen er ansvarleg for å revidera rekneskapen. Det blir ikkje gjeve tilskot til vedlikehaldsutgifter. Slike utgifter skal difor ikkje takast med i rekneskapssamandraget.

Ein rår til at rekneskapen vert ført på rekneark tilgjengeleg på Fylkesmannen sine heimesider.

Tilsyn og kontroll

Dersom Fylkesmannen ikkje har bestemt noko anna, skal kommunen kontrollera at vegen blir

bygd i samsvar med den godkjende planen og desse retningslinene. Fylkesmannen kan og kontrollera byggearbeidet og ferdig veg. Resultatet av denne kontrollen skal rapporterast til Fylkesmannen på skjema for resultatkontroll for skogsvegbygging, utarbeidd av Statens Landbruksforvaltning (skjema SLF-913) eller direkte i ØKS.

Landbruksstyresmaktene har rett til å kontrollera at vegen blir tilfredstillande vedlikehalden, kontrollera driftsrekneskapen for vegen og bruka dei data rekneskapen inneheld til statistiske formål. Jf. elles pkt.2.5.1 og pkt. 2.5.2.

Byggjeperioden

Byggjeperioden for ein veg som mottek statstilskot er inntil 3 år. Fylkesmannen kan i særskilde tilfelle forlenga byggjeperioden til maksimalt 5 år. Tilskot som ikkje er nytta innan utgangen av fastsett byggjeperiode vert trekt inn.

Utbetaling

Fylkesmannen utbetalar vegtilskotet gjennom skogfondssystemet etter at rekneskapssamandraget er godkjent av kommunen og Fylkesmannen. Med grunnlag i godkjende rekneskapssamandrag kan Fylkesmannen betala ut tilskot etter kvart som arbeidet vert gjennomført.

tilbakebetaling

Tilskotet kan krevjast betalt tilbake heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med dei føresetnader som er nemnt i pkt. 2.4 og pkt.2.5. Vidare kan heile eller delar av tilskotet krevjast tilbake i tilfelle der føremålet for vegen i ettertid syner seg å vera anna enn skogbruk.

Dersom skogeigaren etter utgått vilkårsperiode, som nemnt i pkt. 2.5.3 berre har oppfylt ein del av vilkåra, skal deler av det opphavlege tilskotet betalast tilbake. Beløpet som skal betalast tilbake skal vera i same forhold til det opphavlege tilskotet som den del av vilkåra som ikkje er oppfylt er til dei

opphavlege vilkåra. Beløp som skal betalast tilbake kan trekkjast inn ved reduksjon i eventuelle andre tilskot under Landbruks- og matdepartementet. Skogeigaren blir ikkje belasta med renter frå tilskotet blei utbetalt fram til krav om innbetaling kjem. For fleire detaljar sjå § 13 i *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Dersom ein ny eigar ved eventuell overdraging ikkje vil ta på seg dei skyldnadene som er nemnt i pkt. 2.5.3 eller seljaren ikkje gjer ny eigar merksam på desse, pliktar seljar å betale ein tilsvarande del av tilskotet tilbake såframt skyldnadene ikkje er oppfylte.

Dispensasjon og klage

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå forskrifta og desse retningslinene. Vedtak gjort i medhald av *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket* kan påklagast etter kap. 6 i lov av 10. februar 1967 om handsaming i forvaltningssaker (forvaltningsloven).

2.2 Tilskot til drift med taubane, hest o.a.

Det er § 7 "Tilskudd til drift med taubane, hest o.a." i *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket* som heimlar denne tilskotsforvaltninga med følgjande ordlyd: "*Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregistreringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de førevar- tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder*".

2.2.1 Føremål

Føremålet med tilskotsordninga er å auka skogbruket sin medverknad til verdiskaping og sysselsetting i distrikta gjennom berekraftig utnytting av virkesressursane i vanskeleg skogsterreng i tråd med gjeldande skogpolitikk.

2.2.2 Virkeområde

Tilskotsordninga gjeld for alle private og offentlege skogar over 10 dekar. Tilskot kan gjevast ved hogst på areal der det vert nytta kabelkran, eller slepebane. Bruk av løypestreng og hest er også omfatta av ordninga.

2.2.3 Vilkår m.m.

Vilkår

Tilskot til drift i vanskeleg terreng skal berre gjevast når drifta blir gjennomført slik at det blir teke omsyn til skogområda sine funksjonar i forhold til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området. I område utan MiS-registreringar skal det sjekkast med Naturbase om registrerte miljøverdiar.

Det er eit krav at arealet vert tilfredsstillande forynga etter hogst; jf. § 6 i *Skogbrukslova* og *Forskrift om berekraftig skogbruk*. Dette vil bli fulgt opp med kontroll i felt eller via skogfondrekneskapan.

Det er vidare eit vilkår for tilskot at alle drifter skal godkjennast på førehand av Fylkesmannen etter samråd med kommunen. Søknad og kart skal sendast Fylkesmannen på skjema **SLF-916 Søknad om tilskot til drift i vanskeleg terreng**.

Avgrensingar

Det kan berre utbetalast tilskot når:

- det ligg føre eit føremålstenleg driftsopplegg som gir høve for framtidig drift og skjøtsel av driftsområdet og dei tilstøytande områda.
- drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal *ikkje* gjevast tilskot:

- dersom skogsdrifta kan motverka utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturleg avgrensa driftsområde, jf. *Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier*, fastsett av Landbruks- og Matdepartementet 28. mai 2015
- i vernskog utan at hogsten er gjennomført i samsvar med dei fastsette retningslinene for forvaltning av vernskogen som gjeld for området.
- til drifter som vanskeleggjer forynging på hogd areal og eventuelle tilstøytande område.
- til område som skal brukast til andre føremål enn skogproduksjon.

Lågaste totalalder på skogen som det kan gjevast tilskot til hogst av er oppgjeve i tabellen under *:

Bonitet	Lågaste totalalder	Tillegg til alder målt ** ved D _{1,3} (Brysthøydealder)
G26 og betre	55 år	+ 16 år
G23	60 år	+ 14 år
G20	70 år	+ 13 år
G17	80 år	+ 12 år
G 14	90 år	+ 10år

* Unntak hogst av stormfelt skog, etter på førehand godkjenning av Fylkesmannen.

** j.fr B.H. Øyen studie

2.2.4 Tilskotssatsar mv.

Generelt

Tilskot til taubane, hest o.a. kan gjevast som:

- Driftstilskot i kr/m³

Tilskotet er avgrensa til salsvirke av bar- og lauvtre, inkludert energivirke som blir drive fram for sal og rapportert i VSOP. Kvantumsoppgåver for industrivirke skal gjevast opp under bork, medan kvantumsoppgåver for energivirke skal gjevast opp med bork.

Tilskotssatsar

Følgjande tilskotssatsar gjeld:

- A. Kr 90,- / m³ for gran
- B. Kr 130,- / m³ for furu og lauv
- C. For bruk av hest og løypestreng: flat sats på 150,- kr / m³ for alle treslag.

Prioritering

Følgjande drifter har prioritet:

- Hogst av stormfelt skog
- Eldre skog (i tråd med alderskrav i tabell 3.3.2) av høg kvalitet

2.2.5 Søknad og sakshandsaming

Søknad om tilskot

Søknad om tilskot på skjema SLF-916 Søknad om tilskot til drift i vanskeleg terreng før drifta vert sett i gang. Utfylt skjema, kart, dokumentasjon på alder og underskrift av skogeigar sendast Fylkesmannen seinast seks – 6 – veker før planlagd oppstart av drifta.

Fylkesmannen avgjer så i samråd med kommunen om drifta har krav på tilskot etter retningslinene. Om tilskotet skal utbetalast til andre enn skogeigar, må dette merkast på søknadsskjemaet. Drifta må ikkje vera sett i gang før eventuell godkjenning av tilskot er gjeve.

Følgjande vedlegg skal leggjast ved søknad om førehandsgodkjenning:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregistreringar i skog (MIS). I område utan MIS-registreringar skal det leggast ved dokumentasjon på at det er gjennomført føre-var-tiltak i tråd med Levande Skog sine standardar.
- Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregistreringar og alle skogsvegar (bil- og traktorvegar).
- Oversiktskart som viser kor eigedomen ligg i kommunen.

Alder

Søker må dokumentere alder på skogen (t.d. kopi av skogbruksplandata, borrhøve eller tal årringar) i søknad om tilskot, før handsaming. Det skal takast prøver i ulike deler av omsøkt hogstfelt.

Resultatkontroll

Fylkesmannen og kommunen har mynde å kontrollere at driftsområde er kvalifisert for tilskot og at drifta er gjennomført i samsvar med vilkåra i retningslinene og vedtaket om tilskot. Skjemaet M-478 Drift i vanskeleg terreng – resultatkontroll skal nyttast ved kontroll. Minimum kvar 10. av dei godkjende søknadene skal følgjast opp med synfaring. Fylkesmannen har ansvaret for gjennomføring

av kontroll. Dei som søker om tilskot er forplikta til å frigi opplysningar og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.

Vurdering etter Lov om naturmangfald

Ved handsaming av søknad om tilskot må saka vurderast etter naturmangfaldlova, jf. § 7. Prinsippa etter §§ 8-12 skal leggjast til grunn for avgjersla om tilskot.

Utbetaling

Fylkesmannen utbetalar tilskotet på bakgrunn av vedtaket og VSOP opplysningar.

Ved oppmoding om utbetaling av tilskot skal ein nytte søknadsskjema som følgde opphaveleg søknad, med ny påteikning av reelt hogd volum, i tillegg kart og kopi av målenota el. Dersom tilskot skal betalast ut til andre enn skogeigar må dette vere signert for på søknaden.

Bankkontonr og organisasjonnummer skal vere utfylt.

Tilsegn om tilskot vil vere gjeldande inntil 4 månader frå dato for vedtak.

Tilbakebetaling

Tilskot kan krevjast heilt eller delvis betalt tilbake dersom føresetnadene for tilskot ikkje er oppfylt. Beløp som skal betalast tilbake kan trekkjast inn ved reduksjon i eventuelle andre tilskot under Landbruks- og matdepartementet; jf. § 13 i *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

3. Regionalt næringsprogram (RNP)

Hovudmål

Auka lokal verdiskaping med attraktive arbeidsplassar

Delmål

1. Positivt omdømme og auka rekruttering til landbruket
2. Marknadstilpassa auke i volum og omsetningsverdi av frukt, bær og grønt
3. Auka grovfôrproduksjon tilpassa eit endra klima
4. Eit moderne driftsapparat og god kvotefylling i mjølkeproduksjonen
5. Marknadstilpassa utvikling av kjøtproduksjonen med moderne produksjonsapparat og driftsopplegg
6. Auka tilbod og lønsemd i Inn på tunet
7. Auka lønsemd og mangfald i lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv

Sentrale føringar for 2019

Dette vart avtalepartane samde om i jordbruksoppgeret mai 2018 for dei bedriftsretta midlane:

- Frukt- og grøntnæringa skal særleg prioriterast
- Det vert ikkje gitt tilskot til investeringar i sauefjøs i 2019
- Vurdering av lønsemd skal ta omsyn til det samla næringsgrunnlaget på bruket
- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av investeringsstøtte
- Innan mjølkeproduksjonen er det særleg trong for fornying av 15-30 kyrsefjøs
- Det vert gitt tilskot til bygging av gjødsellager med 10/12 månaders lagerkapasitet (20 % støtte, maksimalt kr 100 000 per prosjekt.)

3.1 Tilskot til næringsutvikling – strategiske føringar 2019

Sidan fylka først blir slått saman i 2020, legg vi til grunn ei tildeling med to pottar for 2019. Dersom det er få søknader i enkelte produksjonar eller i det eine fylket, kan det skje ei omfordeling mellom produksjonar og regionane i andre halvår i/etter dialog med partnerskapen.

For å sikre ei god fordeling mellom ulike produksjonar i Hordaland og Sogn og Fjordane vert tilskotsmidlane fordelt slik:

Område	Lausdrift i mjølkeproduksjonen	Driftsbygningar andre husdyr	Frukt og bær	Andre næringar	Gjødsellager	SUM
Sogn og Fjordane	26	10	5	4	2	47
Hordaland	18	5,5	6	5	1	35,5

Innovasjon Norge forvaltar IBU-midlane i tråd med dei nasjonale føringane. Partnerskapen legg til grunn at søknader innan same produksjon får same støttenivå og at lønnsinntekt går inn som ein del av det samla næringsgrunnlaget på bruket (inntektsgrunnlaget).

3.2 Utviklings- og tilretteleggingsmidlar (UTM)

Utviklings- og tilretteleggingsmidlane skal forvaltast i tråd med dei måla og strategiane som er sett i Regionalt næringsprogram. Tiltaka skal også medverke til gode bedriftsretta søknader til Innovasjon Norge. Det må difor vere samanheng mellom mobiliseringsarbeid og prioritering av IBU-midlar innan dei ulike produksjonane.

Gjennom Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU) er desse måla og strategiane sett opp:

3.2.1 Positivt omdømme og auka rekruttering til landbruket

- Medverke til positive medieoppslag om landbruket
- Støtte opp under landbruksretta rekrutteringsprosjekt (skulerådgjevar/rekruttprosjekt)
- Vidareutvikle den gode fagleg rådgjevinga og bruke ordninga med mentor/fadder
- Medverke til faglege møteplassar og nettverk i ulike produksjonar
- Sikre god bruk av midlane som går til kompetanse og rekruttering
- Dokumentere klimaavtrykket per produsert eining frå matproduksjonen og medverke til å redusere dette
- Støtte FoU og informere om bruk av ny teknologi
- Ta initiativ til søknader om regionale og nasjonale forskingsmidlar
- Følgje opp og konkretisere samarbeid med Bergen kommune om mat og urbant landbruk

3.2.2 Marknadstilpassa auke i volum og omsetningsverdi av frukt, bær og grønt

- Utarbeide kart over lokalklima og gjennomføre mobiliseringsarbeid for auka planting av frukt
- Spisse rådgjeving og FoU mot auka avlingar per dekar
- Auka arealet med dekke som sikrar produktkvaliteten innan bringebær, morellar og jordbær
- Auke arealet med jordbær og nye vekstar
- Auke delen økologisk produksjon i det tradisjonelle hagebruket
- Medverke til regional omsetnad og lengre salssesong
- Medverke til utvikling av regionale merkevarer/identitet
- Vidareføre koordinerings- og pådrivararbeidet på FoU gjennom Forsk Smart og Programstyret
- Medverke til ein funksjonell mottaksstruktur

3.2.3 Auka grovfôrproduksjon tilpassa eit endra klima

- Følgje opp Grovfôr 2020 og etablere tilbod om intensiv grovfôrrådgiving og grovforøkonomi
- Formidle kunnskap om nydyrking og flytting av jordmassar ("Jordmasseprosjekta)
- Gje støtte til fornying av grøftesystema og formidle kunnskap om grøfting og andre dreneringsmåtar
- Formidle kunnskap om god beitebruk og ta i bruk GPS-teknologi på beitedyr
- Etablere prosjekt for mobilisering til bruk av ny teknologi i grovfôrdyrkinga («presisjonsjordbruk»)
- Følgje opp forskingsprosjektet på robohausting av gras i regi av NMBU
- Initiere nye forskingsprosjekt innan plantekultur, driftsteknikk og teknologi
- Hente kunnskap om biogassproduksjon frå husdyrgjødsel, spesielt i samarbeid med renovasjonsselskapa

- Samordne arbeidet gjennom Programstyret for grovfôrproduksjon med deltaking frå næring, rådgjeving, forskning og forvaltning

3.2.4 Eit moderne driftsapparat og god kvotefylling i mjølkeproduksjonen

- Etablere og gjennomføre «Storfeprosjektet Vest»
- Stimulere til auka beitebruk i mjølkeproduksjonen og spreie kunnskap om praktiske løysingar for mjølkekyr på beite
- Arbeide aktivt med dei driftsmessige utfordringane som endringar i regelverket for mjølkekvote og spreieareal vil gje

3.2.5 Marknadstilpassa utvikling av kjøtproduksjonen med moderne produksjonsapparat og driftsopplegg

- Etablere og gjennomføre «Storfeprosjektet Vest»
- Motivere til auka kjøtproduksjon på mjølkebruk
- Prøve ut ny teknologi for overvaking av sau på beite
- Medverke til produkt- og marknadsutvikling på saue- og lammekjøt
- Ta økologisk husdyrhald med som ei naturleg produksjonsgrein i det tradisjonelle husdyrhaldet

3.2.6 Auka tilbod og lønsemd i Inn på tunet

- Medverke med formidling om Inn på tunet på fylkesmannen sine samlingar mot kommunane på helse- og utdanningsområdet
- Medverke til kunnskapsheving om Inn på tunet direkte til kjøpargruppene
- Utarbeide kommunikasjonsstrategi i samarbeid med Inn på tunet-nettverka
- Arbeida for Inn på tunet-koordinator i alle kommunar
- Samle og formidle gode døme frå Inn på tunet-tilbod
- Sjå på regional organisering og marknadssamarbeid eller samvirkeløysingar for bedriftene
- Støtte opp om nettverk mellom IPT-bedrifter
- Gjennomføre kompetanseheving i entreprenørskap, bedriftsleiing og marknadskunnskap
- Nytte fadderordning for nye Inn på tunet-tilbydarar
- Initiere forskning innanfor Grønt arbeid

3.2.7 Auka lønsemd og mangfald i lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv

- Koordinere oppfølging av lokalmatprodusentar mellom Innovasjon Noreg, fylkesmannen, Kompetansenavet Vest mfl.
- Mobilisere for fleire foredlingsbedrifter innan mjølk, ost, kjøt mm
- Utvikle siderregionane Hardanger og Sogn, og sider i kombinasjon med mat
- Motivere produsentar til å søke spesialitetsmerke og Vekstprogrammet
- Støtte opp om regionale og lokale distribusjons- og salsamarbeid
- Bidra til nettverk og møteplassar mellom produsentar, kokkar og reiselivsbedrifter, med mål om forretningsmessige samarbeid
- Etablere forum/programstyre for mat og reiseliv
- Invitere matinteresserte reiselivsbedrifter på visningstur til matprodusentar

- Koordinere deltaking av produsentar i internasjonale arrangement og prosjekt
- Mobilisere reiseliv og matmiljø til definisjon av regional matidentitet og utarbeiding av matmanifest
- Utarbeida og gjennomføra ein felles handlingsplan for FjordNorge-regionen
- Gjennomføre landbruksretta kurs i entreprenørskap, forretningsplanlegging, bedriftsleiing og marknadskunnskap

3.3 Investerings- og bedriftsutviklingsmidlar (IBU)

Innovasjon Norge forvaltar statlege midlar til investering og bedriftsutvikling. Nasjonalt vil dette vere førande for korleis midlane kan nyttast:

- Forskrift om IBU-midlar
- Oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet til Innovasjon Norge
- IN sin policy for landbruksvirkemidlar

Regionalt vert det også lagt føringar for korleis midlane skal nyttast gjennom:

- Regionalt bygdeutviklingsprogram for Vestland
- Partnerskapet si prioritering av distrikt og produksjonsform

Generelt

Søknader om IBU-midlar vert handsama fortløpande, utan søknadsfristar. Etter 1. halvår kan det i samråd med partnerskapen vurderast omdisponering mellom dei ulike produksjonane og regionane.

Det vert normalt ikkje gjeve tilskot til kjøp av brukt utstyr eller bygningar, til tilleggsgjord, reiskapshus, infrastrukturtiltak, livdyr, køyretøy eller til anna lett omsetteleg tyngre utstyr.

Tradisjonelt landbruk

Ved prioritering skal lønsemd og ressursgrunnlag leggest til grunn. Alle prosjekt som vert prioritert for IBU-midlar skal gje bedriftsøkonomisk lønsemd i samsvar med IN sin policy. Ved vurdering av ressursgrunnlaget skal det leggest vekt på kva føretaket disponerer, og korleis dei har planlagt å sikre seg dei ressursane som manglar.

Investeringa må representere eit vesentleg løft for søkjaren slik at investeringsstøtte får utløyse effekt. Mindre og vedlikehaldsprega kostnader i driftsbygningen skal i utgangspunktet ikkje få støtte.

Det vert normalt ikkje gjeve tilskot til utskifting av teknisk utstyr.

Nybygging og ombygging vert likestilt, så framtidig byggeløysing er god.

Søknader som gjeld ein fullstendig driftsbygning vil verte prioritert. Søknader som gjeld delar av ein driftsbygning kan òg gje grunnlag for støtte, under føresetnad av at det er midlar til dette innanfor den regionale prioriteringa frå partnerskapet.

Omlegging frå bås til lausdrift vert prioritert. Det vert ikkje gitt støtte til investeringar i båsfjøs, med unntak av mindre tiltak i samband med generasjonsskifte.

Etableringstilskot ved generasjonsskifte kan løyvast til søkjarar under 35 år som har overteke eit gardsbruk. Tilskotet kan nyttast til mindre investeringar i standardheving og modernisering av det faste driftsapparatet, men ikkje til nyetablering eller større omstilling og utviding.

På gardsbruk der frukt- og bær dyrking utgjer eller vil kunne utgjere ein vesentleg del av inntekta kan det løyvast tilskot til etablering eller fornying av frukt og bærhagar. Kostnader til nyplanting, dekkesystem, vatningsanlegg og hjortegjerde kan takast med i tilskotsgrunnlaget. Tilskot til betre arrondering vert prøvd ut i 2019 som ein del av tilskotsgrunnlaget.

Støtte til tunneldyrking av bringebær og jordbær skal vurderast ut frå marknadssituasjonen. Det vert ikkje gitt støtte til dyrking av bringebær og jordbær på friland.

Bygdenæring / tilleggsnæring

IN vil prioritere støtte til prosjekt der målet er å etablere tilleggsnæring til tradisjonelt landbruk slik at desse til saman gjev tilfredsstillande sysselsetjing og inntekt på garden.

IN vil kunne støtte tiltak på gardsbruk i aktiv drift der brukaren og familien, eller selskapet dei er medeigar i, står ansvarleg for prosjektet. Dersom jorda er bortleigd, kan utvikling av ny næring i visse høve likevel støttast. Det er eit krav at søkjaren bur på eller nær til garden, og at ressursgrunnlaget for verksemda er knytt til bruket og bygda.

For å kunne gje investeringstilskot til IPT-prosjekt må søkjar være godkjent Inn på tunet-tilbydar eller ha ein plan for å oppnå godkjenning. Det må liggje føre avtalar med kjøparar av tenestene som kan forsvare investeringane.

Innan reiseliv vil gardstilknytta reiselivsopplevingar kunne prioriterast for investeringstilskot. Investeringstilskot til auka overnattingskapasitet vil normalt ikkje bli prioritert. Unntaksvis kan det gjevast støtte der overnattinga er integrert i gardsturismekonseptet og består av minimum 2 einingar.

Støttenivå til investeringar

For investeringar i produksjonsanlegg opnar «Forskrift om tilskot til investering og bygdeutvikling i landbruket» for å gje eit tilskot på inntil 35 % av godkjent kostnad. Tilskotet er avgrensa til maksimalt 2 millionar kroner. Innovasjon Norge gjer ei individuell vurdering av kvar enkelt søknad når dei fattar vedtak om støtte. For at søkjar skal ha noko konkret å forhalde seg til i arbeidet med søknaden, vert det brukt godkjent kostnadsgrunnlag og prosent støtte av dette for ulike produksjonar innanfor rammene i forskrifta.

4. Gjennomføring

Fylkesmannen har ansvar for å lage og gjennomføre Regionalt bygdeutviklingsprogram 2019-2022. Dette er gjort i nært samarbeid med næringsorganisasjonane i landbruket, fylkeskommunane, Innovasjon Norge og KS. Handlingsplanen skal rullerast årleg og gje prioriteringar og utmålingsreglar for statlege verkemiddel.